

HELSE FØRDE HF
Postboks 1000
6807 FØRDE

Deres ref.:
2021/652 - 4931/2021

Vår ref.:
2021/652 - 4931/2021

Saksbehandler:
Siri Leidland Dalsrud

Dato:
18.05.2021

Høyring - revidering av inntektsmodell i Helse Vest

Helse Vest har i haust og vår hatt ein gjennomgang av modellen for fordeling av basisramma mellom helseføretaka i regionen. Utgreiingsarbeidet er gjort av ei prosjektgruppe med økonomi- og fagdirektørane frå Helse Vest RHF, Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF, Helse Bergen HF og Helse Førde HF. Prosjektgruppa har hatt bistand frå Jon Magnussen frå NTNU, Kjartan Sarheim Anthun frå SINTEF, samt Jan-Erik Lorentzen og Siri Leidland Dalsrud frå Helse Vest RHF. I tillegg har dei tilsette vore representerte gjennom at konserntillitsvald og brukarane ved at leiar for regionalt brukarutval har delteke. Prosjektgruppa har fått sitt mandat frå administrerande direktør i Helse Vest, og det har vore eit overordna mål å utforme ein modell med størst mogleg grad av objektivitet og transparens.

I rapporten frå prosjektgruppa er det gjort greie for dei vurderingane som er gjort i høve til dei ulike elementa i modellen. Rapporten er ført i pennen av Jon Magnussen, og prosjektgruppa stiller seg bak rapporten slik den no føreligg. Rapporten blir med dette lagt ut til høyring hjå HF'a , og det regionale brukarutvalet med høyringsfrist 11. juni. Forslaget vil deretter bli lagt fram for styret i Helse Vest RHF før sommaren.

Om forslaget til modell blir vedteke, vil denne bli nytta i budsjettarbeidet for 2022.

Arbeidet med rapporten tar utgangspunkt i budsjett for 2020 og tabellane i rapporten viser effekten av ny modell. I Statsbudsjettet for 2021, vart den nasjonale modellen delvis lagt til grunn og det innebar ein omfordeling mellom regionane der Helse Vest fikk ein større del av midla som var til fordeling. I 2022 er det forventa at full effekt av ny modell blir lagt til grunn i statsbudsjettet. Effekten av dette er ikkje synleggjort i rapporten, og blir dette lagt inn i basisramma til fordeling så vil dette redusere dei negative effektane for foretak som isolert sett tapar på den reviderte regionale inntektsmodellen.

Det auka beløpet til fordeling er ikkje fullt ut avklart, men om ein legg til grunn ein auke på 200 millionar kroner så vil effekten av den auka tildelinga som blir tilført HF'a bli som følger:

Tall i mill.	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sum
Samlet omfordeling	81 629	-6 031	-94 728	19 130	
Differanse dagens bevilgning, nasjonal modell	60 869	33 558	82 961	22 613	200 000
Justert ramme	142 498	27 527	-11 767	41 743	

Med helsing

Inger Cathrine Bryne
Administrerende direktør

Per Karlsen
Økonomi- og finansdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Per Karlsen Økonomi- og finansdirektør

Vedlegg: Revidering av Inntektsfordelingsmodellen i Helse Vest – 2021
Rapport fra prosjektgruppe

Mottakere:

HELSE FØRDE HF

HELSE STAVANGER HF

HELSE FONNA HF

Regionalt Brukerutval v/Jan Oddvar Gjerde

HELSE BERGEN HF